



Statsråd Jan Tore Sanner

Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dato
Peder Sjø Slettebø	907 40 595	2017/297-38	15.03.2017

## Tilkopling for Kvinnherad til ny E39 må verta del av statleg reguleringsplan

Gode statsråd Jan Tore Sanner

Høyringsfristen for statleg kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Stord-Os er no ute, og vi ventar på at Dykkar departement skal treffa vedtak. Som statsråden kjenner til er det avgjerande for Kvinnherad kommune at den statlege reguleringsplanen som no skal utarbeidast tek opp i seg lokalisering av Kvinnherad sitt påkoplingspunkt. Statsråden er kjend med argumentasjonen for dette, og eg skriv til Dykk for å streka under dette enno ein gong ved å syna til kor mange av høyringsinstansane som no har gjeve uttrykk for likelydande synspunkt som Kvinnherad kommune.

Eg syner til Kvinnherad kommune sitt høyringssvar. I tillegg til Kvinnherad kommune har Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som er regionrådet for dei åtte kommunane i regionen, *samrøystes* i sitt høyringssvar bede om at Kvinnherad sitt påkoplingspunkt, i form av nytt ferjeleie på Stord, må verta del av den statlege reguleringsplanen. Hordaland fylkeskommune peikar også i sitt høyringssvar på at det bør etablerast eit nytt ferjeleie med god tilknytning til ny E39. Utover dei offentlege høyringsinstansane eg her har synt til, vil eg peika på at Næringslivets Hovudorganisasjon (NHO) sentralt og NHO Hordaland har bede om det same. Tilsvarande ligg også i høyringssvara til Hordfast A/S, LO Kvinnherad og Hordaland Høgre.

For å sikra tenleg tilknytning for Kvinnherad til ny E39 ser vi ikkje anna løysing enn at staten som overordna planmynde gjennom statleg reguleringsplan slår fast kor ferjeleiet skal plasserast. Eg vil streka under at Kvinnherad kommunestyre samrøystes alt har vedteke at finansiering av nytt ferjeleie kan skje med bompengar. Såleis vil ikkje regulering av påkoplingspunkt for Kvinnherad føra til ekstrakostnadar for prosjektet, men heller føra til at samfunnsnytte og økonomi i prosjektet vil verta styrkt ved at årstdøgnstrafikk (ÅDT) over Hordfast vil auka monaleg dersom Kvinnherad får god tilknytning i form av eit tenleg ferjeleie. Motsett vil ÅDT over Hordfast verta

monaleg lågare, då andre vegar til Bergen i så tilfelle framleis vil ta hovudtyngda av Kvinnheradtrafikken.

I lys av dei klare tilbakemeldingane som er komne frå mange svært sentrale høyringsinstansar, oppmodar eg på ny statsråden på det sterkaste å gjennom departementet sitt vedtak syta for at påkopling for Kvinnherad i form av nytt ferjeleie på Stord vert del av den statlege reguleringsplanen.

Eg ser fram til avgjerd i saka, og ynskjer lukke til med vidare arbeid!

Med helsing

Peder Sjø Slettebø  
*Ordfører*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*